

Vellukka sybbelrebus tross regndusjar

10.05.2009



Familien Arnesen på posten der forfatterskapet til Astrid Lindgren var tema. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Idrettslaget sin tradisjonelle sykkelrebus rundt dalen søndag vart eit vellukka arrangement tross i nokre regndusjar.

20 lag eller einskildpersonar var med og hvis ein reknar eit gjennomsnitt på tre tyder det at rundt 60 på denne måten fekk trim både for kroppen og hovudet.

Dei fleste sykla, men det var også nokon som gjekk runden.





[Kari Bråtun vann sykkelrebusen.](#) (Foto: Ola Matti Mathisen)

Turngruppa hadde ansvaret for avviklinga dette året og skilde seg svært godt frå oppgåva. Det galdt både avviklinga og planleggjinga og her siktar vi ikkje minst til Janne Hjørnevåg, som hadde laga rebusane. Det var så allsidige at dei fanga interessa til heile familien og dei var totalt sett akkurat passe vanskelege.



Posten ved Kapteinsgården er nådd og søskenparet Hanne Saghaug Kroka og Roger Saghaug grublar litt. Bakpå sit Johan. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Åtte av laga gjekk gjennom tevlinga utan miss og difor måtte det trekning til mellom desse. Den enda med at Kari Bråtun vann framfor Svein Ove Bråtun og Bente Bendiksen medan dei fem andre 'prikkfrie' som ikkje vart trukne ut var Ingebjørg Haugland, Einar Gjertsen, Thomas Eide med familie, Kjartan og Elias Tungesvik og Solveig Haugland.



[Det var ikkje like lett på alle postane. Klarar du denne? \(Foto: Ola Matti Mathisen\)](#)

Eigentleg var det imponerende at så mange visste alt dei vart spurde om, for det var slett ikkje berre lette spørsmål.

Det var 10 postar og som i tidlegare år var det spørsmål med tre alternativ på kvar post og ein rebus i tillegg. Arrangementet har 'gått seg til' og no er det berre å venta på betre ver neste år. Og så er det kanskje ein fordel å avvikla det ei veke før?

Av Ola Matti Mathisen